

2016-2020

# HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

Bø skule, Høyland skule, Motland skule,  
Nærbø ungdomsskule



# HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

## INNHALD

<b>Alle barn og unge har rett til eit arbeidsmiljø utan mobbing</b> .....	3
Kva er mobbing? .....	3
Ansvar for å førebyggje og stoppe mobbing .....	3
<b>Mobbing som føregår i og ved skulen vert avdekket</b> .....	4
Avdekking av mobbing .....	4
Digital mobbing .....	4
<b>Skulen tek ansvar og initiativ for å stoppe mobbing</b> .....	5
Korleis løyser me mobbesaker? .....	5
<b>Alle elevane skal oppleve eit godt arbeidsmiljø</b> .....	6
Førebyggjande arbeid .....	6
<b>Skulen skal ha kontinuitet i arbeidet med å førebyggje, avdekke og stoppe mobbing</b> .....	7
Kontinuitet .....	7
Faste tiltak i årshjul .....	7

# ALLE BARN OG UNGE HAR RETT TIL EIT ARBEIDSMILJØ UTAN MOBBING

## KVA ER MOBBING?

I elevundersøkinga er mobbing definert som følgjande:

«Negativ eller «vondsinna» åtferd gong på gong frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvare seg. Erting gong på gong på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing.»

Ordet mobbing har gjennom media og bruk i kvardagen ofte vorte eit samleord på saker som er ugreie mellom barn eller vaksne. For oss er *vondsinna* og *ulikt styrkeforhold* to viktige stikkord når vi arbeider i forhold til mobbing.

- **Aktiv mobbing:** Fysiske angrep, spark, slag, kast, øydelegging av klede m.m. Verbale og ikkje verbale angrep, truslar, hån, kalling, hånlått m.m.
- **Passiv mobbing:** Å oversjå nokon eller stengje ute nokon frå kamerat/veninneflokk.
- **Digital mobbing.** Ei aggressiv handling eller åtferd, ei form for systematisk misbruk av makt utøvd gjennom bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi.

## ANSVAR FOR Å FØREBYGGJE OG STOPPE MOBBING

I arbeidet mot mobbing vert følgjande punkter vektlagt:

- Å byggje opp eit godt læringsmiljø på heile skulen
- Å følgje nøye med på det som skjer på skulen for å avdekke mobbing
- Å løyse mobbesaker raskt
- Å ha kontinuitet i arbeidet mot mobbing og prioritere det høgt

Det er viktig at heile skulemiljøet er involvert, og at tilsette, elevar og føresette er engasjert. Alle skal møtast med respekt, ein skal vise omsorg for elevane og stille krav ut frå normer for åtferd på skulen.

# MOBBING SOM FØREGÅR I OG VED SKULEN VERT AVDEKKA

## AVDEKKING AV MOBBING

Mesteparten av mobbinga går føre seg utan at vaksne er til stades. Det kan vere vanskeleg å oppdage, og svært mange av elevane som vert mobba, seier ikkje ifrå om det som skjer. Derfor er det viktig at alle er aktive på mange måtar for å avdekke mobbing.

- To spørjeundersøkingar kvart skuleår i forhold til mobbing. Om hausten vert data frå elevundersøkinga nytta.
- Tilsyn i friminutt der vaktene bærer vest som gjer dei synlege på uteområdet. Tydelege og klare forventningar i forhold til åtferd slik at elevane veit korleis ein reagerer på problemåtferd.
- Mobbing er tema på utviklingssamtalar med elevar og føresette
- Mobbing er tema på faste elevsamtalar
- Mobbing er tema på foreldremøte
- Melding frå elevar og føresette vert alltid teke på alvor.
- Ved mistanke om mobbing vert observasjon intensivert. Undersøking og innhenting av informasjon.

## DIGITAL MOBBING

Mobbing på internett og mobiltelefon er annleis enn ansikt til ansikt. Mobbinga kan skje til alle døgnets tider, og den er vankeleg å verne seg mot. Mobbinga kan få større omfang ved at den kan verte spreidd overalt i den digitale verda. Mange elevar som er utsette for tradisjonell mobbing på skulen er også utsette for digital mobbing.

- Skulen har reglar for bruk av mobiltelefon og internett.
- Målbevisst arbeid for å lære elevane god nettbruk.

# SKULEN TEK ANSVAR OG INITIATIV FOR Å STOPPE MOBING

## KORLEIS LØYSER ME MOBESAKER?

Det er viktig at både rektor og tilsette møter alle involverte med respekt. Dei som vert mobba, skal oppleve tilsette som tek vare på dei. Den som mobbar, skal møte tilsette som klart tek avstand frå det som er gjort, men som viser eleven respekt og har forventningar om endra åtferd.

### Tiltak:

1. Undersøkingar og observasjon for å skaffe informasjon
2. Samtalar med den som er mobba, for å skaffe informasjon og gje støtte. Viktig å hugse at den som er mobba ofte underdriv.
3. Samtale med føresette til den som er mobba.
4. Samtale med den som mobbar. Dersom det er fleire som mobbar, skal ein snakke med ein og ein om gongen. Føremålet er å gje beskjed om at mobbinga er uakseptabel og må stoppast straks. Gjere avtalar om kva som skal skje for å få slutt på mobbinga, og setje opp ein ny samtale.
5. Samtale med føresette til den/dei som mobbar.
6. Enkeltvedtak, jf. Opplæringslova § 9a-3. Rektor avgjer om det skal gjerast enkeltvedtak når mobbing er oppdaga. Føresette kan også be om at skulen gjer noko, då må rektor gjere eit enkeltvedtak.
7. Sanksjonar og dokumentasjon. Følg opp den som er mobba og mobbaren kvar dag i ein gitt periode.
8. Oppfølging. Mobbestiuasjonen skal følgjast til det er heilt slutt. Etter ei tid skal det vere samtale mellom den som vart mobba og mobbaren. Det skal også vurderast om ein skal arbeide strategisk i forhold til klasse/gruppe/trinn.

### Arbeid i etterkant:

Problemløysing på individnivå og etterarbeid etter ei mobbesak kan avdekke svake punkt i systemet som bør verte endra for å verke førebyggjande. Det er derfor viktig at kvar mobbesak vert avslutta med ei evaluering der leiinga saman med aktuelle partar drøftar kva ein på skulen kan lære av denne saka med tanke på å førebyggje mobbing.

# ALLE ELEVANE SKAL OPPLEVE EIT GODT ARBEIDSMILJØ

## FØREBYGGJANDE ARBEID

- **Gode relasjonar lærar – elev, lærar – klasse/trinn**  
Lærar er ein tydeleg vaksen som eleven kan ha tillit til. Lærar har tydeleg leiing på ein slik måte at klassen/trinnet vert opplevd som ein trygg stad for alle elevane.
- **Gode relasjonar elev – elev**  
Elevane i klassen/trinnet tek vare på kvarandre og er opptekne av at alle har det trygt.
- **Gode relasjonar lærar – føresette**  
Relasjonen mellom lærar og den enskilde elev sin føresette er prega av respekt, tillit og samarbeidsvilje. Skulen har eit ope og aktivt samarbeid med dei føresette som gruppe. Mobbing er tema på utviklingssamtalar og foreldremøte.
- **Skulestart**  
Skulestarten skal vere forutsigbar, trygg og gje alle elevar ei positiv oppleving. Lærar møter klassen/trinnet på ein måte som signaliserer trygg leiing og ivaretaking som basis for gjensidig tillit. Samarbeid mellom barnehagar, barneskular og ungdomsskule for å sikre gode overgangar. Samtale om skulen sine ordensreglar, handlingsplan mot mobbing, og lage egne klassereglar.
- **Sikring av arenaer som skulegard, toalett, garderobar, SFO og skuleveg**  
Skulen har prosedyrar og sjekkpunkt som gjer at skulegard, toalett, garderobar, SFO og skuleveg vert opplevd som trygge stader.
- **Samarbeid i og med ulike instansar**  
Elevrådet, samarbeidsutvalet (SU) og skulemiljøutvalet (SMU), foreldrearbeidsutvalet (FAU) og sosialpedagogisk team.
- **Fellesarrangement**  
Gjennomføring av ulike fellesarrangement med fokus på å ha eit godt fellesskap, på trinn/aldersblanda trinn/skulen.

# SKULEN SKAL HA KONTINUITET I ARBEIDET MED Å FØREBYGGJE, AVDEKKE OG STOPPE MOBBING

## KONTINUITET

Arbeidet mot mobbing er viktig og må vere ein sjølvsgagt del av det daglege arbeidet. På skulen skal det vere eit systematisk, breitt basert arbeid for eit godt psykososialt miljø. Det er også lovpålagt etter opplæringslova § 9a.

Prinsippet er at problem vert løyst på så lågt nivå som mogleg, men rektor skal alltid informerast ved mistanke om mobbing. 1. Kontaktlærer, 2. Lagleiar, 3. Rektor.

Mobbing skjer overalt i samfunnet, også mellom vaksne og elevar. Dersom ein oppdagar at ein tilsett med ord eller handlingar trakasserer eller mobbar elevar, er dette svært alvorleg. Rektor har personalansvaret for dei tilsette og er ansvarleg for å følgje opp alle klager.

## FASTE TILTAK I ÅRSHJUL

- August : Gjennomgang av handlingsplan mot mobbing for elevar og tilsette.
- Sept/okt : Foreldremøte på alle trinna, syne til handlingsplanen mot mobbing.
- Okt-des : Gjennomføring av elevundersøkinga
- Desember : Evaluering av elevundersøkinga i alle råd og utval.
- Haust : Jamlege møter i elevråd, FAU, SU og SMU. Varsling om eventuelle enkeltvedtak (§9a) i elevråd, FAU og SU.
  
- Febr-mai : Mobbeundersøking med evaluering og oppfølging.
- Juni : Gjennomgang og eventuell revisjon av handlingsplan mot mobbing.
- Vår : Jamlege møter i elevråd, FAU, SU og SMU. Varsling om eventuelle enkeltvedtak (§9a) i elevråd, FAU og SU.

